

Plan for trafikktryggleik

Vikevåg skule

Skuleåret 2022/2023

Plan for trafikktryggleik ved Vikevåg skule

Om skulen

Vikevåg skule er ein 1 - 7 skule med to parallellar på trinnet. Skulen har omlag 300 elevar og 45 tilsette.

Skulen ligg nær Vikevåg sentrum i nærleiken av ungdomsskule og barnehagar.

Elevane som bur på Vikevåg går eller sykklar til skulen. Frå bygdene omkring kjem elevene med buss.



Det har dei seinare åra vore fokus på trafikktryggleik og fleire tiltak er sett i gang. Det oppretta hjertesone med bom ved parkeringsplassen og oppmerka gangveg frå parkeringsplassen ned mot skulen. Det er droppsone oppe ved parkeringsplassen og einvegskøyting inn og ut av parkeringa. Dei fleste stader er det sikra med fortau på tilkomstvegane og ved bedehuset er der gangfelt for overgang til byggjefeltet på andre sida. Det er bussoppstillingsplass ovanfor skulen. Her har skulen bussvakter som følger med. Det er gangveg frå skulen til oppstillingsplassen ved bussane.



Kriteria for ein trafikksikker skule:

Trafikksikkerhet i skolen

- Skolen gir, i samarbeid med FAU, anbefalinger til foresatte om sykling til skolen.
- Skolen har utarbeidet rutiner for å ivareta sikkerheten på turer til fots, på sykkel, i bil og med kollektivtransport i skolens regi.
- Skolen har gode rutiner for at planene blir fulgt av de ansatte.

Trafikkopplæringen i skolen

- Skolen har integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/ årsplan i tråd med Kunnskapsløftets kompetansemål.

Samarbeid skole og hjem

- Skolens læreplan for trafikk er årlig tema på foreldremøte.
- Foreldre blir involvert i skolens trafikksikkerhetsarbeid for eksempel gjennom Foreldrenes arbeidsutvalg (FAU).

Retningslinjer for turar:

Turar til fots:

- Det er alltid minst to ansvarlege vaksne med på tur med ein gruppe på over 15 elevar.
- Dei vaksne har på seg gul vest.
- Det skal være ein vaksen lengst framme og ein vaksen bak elevane.
- Det skal alltid vere med minst ein mobiltelefon, klasseliste og førstehjelpsutstyr.
- 1. klasse nyttar refleksvestar dersom dei skal gå langs trafikert veg i skumring eller på dagar med dårleg sikt. Dei kan låne vest frå skulen.
- Ein går på venstre side av vegen dersom det ikkje er fortau.
- Ved kryssing av vegen skal fortau nyttast der dette er tilgjengeleg.
- Elevar skal alltid teljast før ein går, undervegs og før retur til skulen.

Turar på sykkel:

- Alle som sykklar skal ha hjelm.
- Det er alltid minst to ansvarlege vaksne med ein klasse på tur.
- Ein vaksen sykklar fremst og ein bakerst.
- Elevane sykklar på rekkje.
- Ein stoppar opp og ventar ved kryss for å samle troppe.
- Dei vaksne skal ha refleksvestar.
- Begge dei vaksne må ha mobiltelefon slik at dei kan varsle om det skulle oppstå ein situasjon.

- Klasseliste og førstehjelpsutstyr skal vere med.
- Det bør vere med sykkelpumpe og sykkelverktøy.
- Alle skal ha sykkelhjelm og forsvarleg sykkel.
- Elevane skal vere kjende med sykkelruta på førehand.
- Det kan vurderast om ein skal ha med (følge)bil. Dersom elevar skal sitje på, må dei ha skriftleg samtykke frå føresette.
- Elevane skal oppføre seg som køyrande.
- Dersom det er trafikk, går ein av sykkelen og leier den over gangfelt.
- Elevane skal ha fått opplæring og kjenne til vikepliktsregelen spesielt.
- Lærarane må på førehand gå gjennom forventningar, reglar og rutinar med elevane.
- Elevane skal halde avstand til sykkelen framføre seg.
- Dersom ein får tekniske problem, skal ein gå ut av vegen med sykkelen og vente på hjelp frå ein vaksen.
- Elevar som ikkje har sykkel i forskriftsmessig stand , eller ikkje vil bruke hjelm, kan ikkje delta på turen.
- Føresette tek kontakt med skulen om dei treng å låne utstyr før sykkelturnar.

Turar til sjø/vatn:

- Elevane har vanlegvis ikkje lov til å bade på turar i regi av skulen.
- Dersom ein legg opp til badetur, må minst ein av dei vakse ha livredningskurs for 4 meter djup og det må vere innhenta skriftleg løyve til å bade. Det skal også vere rutinar for kor mange som kan bade om gongen. Elevar som badar skal ha tilsyn av badevakt til ei kvar tid.

Turar med buss:

- Skulen nyttar seg av ordinær rutebuss. lærar har ansvaret for å sjå til at alle har på seg bilbelte. Elevane skal gå av og på bussen i samla flokk og teljast. Pass på å telje elevane medan dei går av/før bussen køyrer vidare slik at ikkje nokon blir sitjande att på bussen.

Bruk av privatbilar:

- Skulen nyttar i liten grad privatbilar ved turar. Dersom ein må bruke privatbil, skal skulen ha samtykke på førehand.
- Elevar som sit på i privatbilar skal sikrast etter forskriftene.

Stader skulen ofte dreg på turar:

Kor	Korleis	Vurdering av ruta
Gå opp og ned til Rennesøy skule/hallen	Gå	Der er oppmerka gangsti opp til bommen. Elevane går på denne og rett fram til dei kjem på fortauet. Elevane skal ikkje gå over parkeringsplassen eller gå på skrå.
Skulehagen	Gå	Delvis fortau, delvis ikkje. Pass på at ein går på venstre sida av vegen der det ikkje er fortau. Ved kryssing av vegen samlar ein gruppa og ein vaksen gjer klarsignal til å krysse.
Pilå Vikestemmen Dalestemmen Østhusvik	Gå	Gangfelt over Vikevågvegen. Gå på venstre sida av vegen til ein går inn på traktorveg og ut i terreng. Elevane skal ikkje gå tett inntil vatnet der det er djupt. Elevane skal ikkje bade.
Nordbøvågen	Gå/sykle	Ikkje fortau. Elevane går langs landevegen på venstre side (ev sykklar på høgre side). Dei går/sykklar ein og ein. Dei følger traktorveg under E39. Elevane skal ikkje bade utan at det er med minst ei badevakt som har livredningskurs og som har tilsyn med badande elevar heile tida. Før ein går til Nordbøvågen må ein avtale med grunneigarar om ein kan få gå gjennom tunet.
Prestvågen	Gå	Delvis fortau, delvis ikkje. Pass på at ein går på venstre sida av vegen der det ikkje er fortau. Ved kryssing av vegen samlar ein gruppa og ein vaksen gjer klarsignal til å krysse. Elevane skal ikkje bade utan at det er med minst ei badevakt som har livredningskurs og som har tilsyn med badande elevar heile tida. (Sjå generelt om turar til sjø og vatn).
Flekstadmyra	Gå	Delvis fortau, delvis ikkje. Pass på at ein går på venstre sida av vegen der det ikkje er fortau. Ved kryssing av vegen samlar ein gruppa og ein vaksen gjer klarsignal til å krysse.
Stavanger	Buss	Klassane går samla til busstoppet. Ansvarleg lærar tel opp klassen ved påstigning og avstigning av buss og når ein kjem til destinasjonen og når ein forlet destinasjonen. Det må vere tydelege reglar for korleis ein går til og frå destinasjonar i Stavanger.

Rutiner ved ulykker på tur:

Føresette skal varslast ved alle uhell.

Ved alvorlege ulykker:

- Ansvarleg vaksen ringjer 113 og varslar skuleadministrasjonen.
- Administrasjonen varslar pårørande i samsvar med kriseplanen til skulen.
- Dei vaksne skal saman ivareta elevane sin sikkerheit og tryggja ulykkkestaden

Mindre alvorlege ulykker/uhell:

- Ansvarleg vaksen varslar administrasjonen/foreldre som saman vurderer tiltak.
- Etter legebesøk skal ein fylle ut skademeldingsskjema.

Lokal læreplan i trafikksikkerhet

Skolens verdigrunnlag er sentral i trafikkopplæringen. Menneskelig ansvarlighet og evnen til å ta gode og etiske valg er en sentral del av opplæringen i skolen. Dette er viktig for å stimulere til både etisk bevissthet og kritisk tenkning.

Tverrfaglege tema:

Folkehelse og livsmestring

Elevane skal også lære å forvalte helse som ressurs på en måte som gagnar den enkelte, og lære å ta valg som er gode for egen og andres helse gjennom livet.

Bærekraftig utvikling

I kroppsøving handler det tverrfaglige temaet bærekraftig utvikling om naturopplevelser med vekt på trygg og bærekraftig ferdsel. Faget skal medvirke til forståelse for at valgene den enkelte gjør, har betydning og konsekvenser for bærekraftig utvikling og vern av livet på jorda både lokalt, regionalt og globalt.

Frå læreplanen i kroppsøving

Uteaktivitetar og naturferdsel

Elevane skal bruke nærområdet og utforske naturen gjennom varierte uteaktivitetar under vekslende årstider. Naturopplevingar og trygg og berekraftig ferdsel er sentralt.

Kompetansemål:

Etter 2. trinn: elevane skal øve på trygg ferdsel i trafikken

Etter 4. trinn: elevane skal forstå og følgje reglar i trafikken

Etter 7. trinn: elevane skal vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel og gjennomføre sjølvberging i vatn

Skulen nyttar mellom anna Trygg trafikk sine sider om trafikksikkerhet

Trinn	Aktivitet	Mål for opplæringa er at elevane skal:
1. trinn	Utdeling av refleks. Å vere trafikant. Geometriske former og skilt. Trygg trafikk Barnas trafikklubb	<ul style="list-style-type: none"> - lære å vere aktsame i trafikken. - kunne krysse vegen og bruke refleks.
2. trinn	Refleksbruk. Lage refleksløype på et foredrearangement? Å vere mjuk trafikant Skilt i nærområdet Trafikktryggleik: hjelm og bilbelte Trygg trafikk Barnas trafikklubb	<ul style="list-style-type: none"> - lære om sikringsutstyr i bil og på sykkel. - gjere seg erfaringar med å bruke refleks.
3. trinn	Trafikkreglar for fotgjengerar Skilt: forbud-, påbud, fare- og opplysningsskilt. Trygg trafikk Barnas trafikklubb	<ul style="list-style-type: none"> - kjenne til skilt og trafikkreglar, og skilje mellom dei ulike skilttypane.
4. trinn	Skilt: forbud-, påbud, fare- og opplysningsskilt. Trygg trafikk Barnas trafikklubb og Trygg trafikk: sykkeldyktig	<ul style="list-style-type: none"> - kunne reglar for å sykle i trafikken og bruke sikringsutstyr. - kjenne til skilt- og trafikkreglar - kjenne til skulen sitt sykkelreglement - vite at det er påbudt med hjelm på skulen
5. trinn	Sykkelopplæring på sykkelgarden i Sandnes. Teori og praktiske øvingar. Trygg trafikk: sykkeldyktig Skilt: forbud-, påbud, fare- og opplysningsskilt. Kan bestille materiell på Trygg trafikk.	<ul style="list-style-type: none"> - kjenne til reglar for sykling i trafikken - kunne ta omsyn til andre trafikantar. - lære korleis ein gjer teikn i trafikken. - vita korleis ein skal oppføra seg i trafikken
6. trinn	Repetisjon av sykling i trafikk. Lese trafikkbildet, blikkontakt med sjåførar og andre trafikantar. Dugleikstrening i trafikken. Sykkelturar Trygg trafikk: sykkeldyktig	<ul style="list-style-type: none"> - Kjenna til reglar for sykling i trafikken og bruk av sikringsutstyr. - ta omsyn til andre trafikantar
7. trinn	Trygg trafikk: sykkeldyktig Repetisjon av sykling i trafikk. Lese	<ul style="list-style-type: none"> - Kjenne til reglar fir sykling i trafikken og bruk av

	trafikkbildet, blikkontakt med sjåførar og andre trafikantar. Dugleikstrening i trafikken. Sykkelturar Førstehjelpskurs ??	sikringsutstyr - ta omsyn til andre trafikantar
--	---	--

Trafikksikkerhet som tema i foreldresamarbeidet:

Lokal plan for trafikktryggleik er tema på første FAU-møte om hausten og på foreldremøte for kvart trinn.

Trinn	Innhald
1. og 2. trinn	Visa til skulen sin plan for trafikktryggleik og rutinane for turar. Minne om reglar for henting og bringing av elevar frå/til SFO og skule. Snakke om bruk av refleks. Snakke om trygg skuleveg. Foreslå for foreldre å ha eit refleksarrangement på kveldstid.
3.og 4. trinn	Visa til skulen sin plan for trafikktryggleik og rutinane for turar. Snakke om bruk av refleks. Snakke om trygg skuleveg. Anbefalingar i høve sykling til og frå skulen.
5. trinn	Visa til skulen sin plan for trafikktryggleik og rutinane for turar. Sykkelopplæring. Snakke om trygg skuleveg. Sykling til og frå skulen. Sykkelreglar og sykkelparkering Snakke om bruk av refleks og hjelm.
6.trinn	Visa til skulen sin plan for trafikktryggleik og rutinane for turar. Snakke om trygg skuleveg. Sykling til og frå skulen. Sykkelreglar og sykkelparkering Snakke om bruk av refleks og hjelm.
7.trinn	Visa til skulen sin plan for trafikktryggleik og rutinane for turar. Sykling til og frå skulen. Sykkelreglar og sykkelparkering Tekniske krav til sikkerheit. Førstehjelpskurs dersom skulen får tilbud om det.

Trafikksikkerhet som tema i kollegiet:

Lokal plan for trafikktryggleik er tema på ein av dei første planleggingsdagane om hausten. Lærarane blir minna om å leggje trafikk inn i planane for komande skuleår og til å sjå på kva dei skal ta med i foreldremøtet på sitt trinn denne hausten.